


VEDLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN for Fusa kommune 2018-2020

1. Budsjetramlegg for kontrollutvalet
2. Garantiar for Fusa kommune
3. Organisasjonskart for Fusa kommune





Fusa kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Fusa kommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2015/98
Vår dato: 14.09.2017

Partsbrev - Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i Fusa kommune 2018

Her følger partsbrev frå kontrollutvalet i Fusa kommune sitt møte 31.08.2017, PS 32/17

Påskrift frå sekretariatet.

Vi gjer merksam på at i "Forskrift om Kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" heiter det ma:
" Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll – og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget."

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Deloitte AS
Utvalseiar

Arkivsak: 151
 Arkivnr: 2015/98-19
 Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Fusa kommune | 32/17 | 31.08.2017 |

Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i Fusa kommune 2018

Bakgrunn for saka

"Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" vart endra med verknad frå 1.7.2004. Etter forskriftas § 18 skal kontrollutvalet i Fusa kommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

"§ 18. Budsjettbehandlinga

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forlag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen.

Departementets merknader til § 18:

Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.

Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgi innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.

I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunenes/fylkeskommunenes budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."

Vidare går det fram av «Veiledning for regnskapsrapporteringen i KOSTRA» m.a. dette når det gjeld 110 Kontroll og revisjon:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»

Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det egentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i ny avtale som vart inngått med Deloitte AS med verknad frå 1.7.2016. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det vert like mange møter i kontrollutvalet i 2018 som det har vore dei siste åra og med om lag like stor saksmengde. Det er også lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet, kostnader til at medlemene i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), servering på utvalsmøta og ein diverse post. Det er og lagt inn ein sum til folkevaldopplæring på Solstrand for heile utvalet i januar 2018.

Det er som vanleg også lagt inn pengar til ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og utgreiing, evnt. evaluering av planar, som måtte komme undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

”§ 13. Selskapskontroll

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert utarbeidde av kontrollutvalet hausten 2016, og vedteke i kommunestyret desember 2016.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjektarbeid krevja ei ramme på om lag 300 timar for kommunar med Fusa sin storleik.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor.

Brev om dette vart sendt Fusa kommune 28.8.07. Jmf. også brev sendt Fusa kommune 22.12.2014 om prisjustering.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning for det budsjettforslaget som ligg føre.

Det er også lagt inn kr. 40 000,- i ekstra tiltaksmidlar til eventuelle ad-hoc oppgåver som til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, utgreiing og ekstra oppgåver som til dømes bestillingar frå kommunestyret og medieoppslag.

Meirverdiavgifta er lagt inn i budsjettet (utan å verta trekt ut igjen). Dette jf. kommunen sin eigen måte å budsjettera på. Sjå budsjettvedlegg for 2018.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for 2018 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 31.08.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for 2018 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i Fusa kommune 2018

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Fusa kommune for 2018

| Konto | Tekst | Rekneskap 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Merknad |
|-------|--|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------------------------|
| 10800 | Godtgjersle folkevalde | kr 42 430 | kr 44 410 | kr 44 410 | Leiar kr. 21.910, møtggj. Kr. 900-. |
| 10802 | Tapt arbeidsforteneste | kr 2 400 | kr 10 000 | kr 10 000 | |
| 10803 | Feriepenger tapt arbeidsforteneste | kr - | kr 1 200 | kr 1 200 | |
| | Delsum | kr 44 830 | kr 55 610 | kr 55 610 | |
| 10990 | Arbeidsgiveravgift (AGA) | kr 6 664 | kr 7 841 | kr 7 841 | |
| | Delsum | kr 51 494 | kr 63 451 | kr 63 451 | |
| 11000 | Diverse/kontormateriell | kr - | kr 5 000 | kr 5 000 | |
| 11002 | Abonement | kr - | kr - | kr - | |
| 11002 | Abonement | kr - | kr - | kr - | |
| 11151 | Servering på møta | kr 2 800 | kr 5 000 | kr 5 000 | |
| 11207 | Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl. | kr 540 | kr - | kr 5 000 | |
| 11501 | Kurs/konferanse | kr 44 423 | kr 15 000 | kr 15 000 | T.d. FKT og NKRF-konferansar |
| 11500 | Folkevaldopplæring for kontrollutvalet | kr - | kr - | kr 15 000 | Folkevaldopplæring januar 2018 |
| 11600 | Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl. | kr - | kr 10 000 | kr 10 000 | Reise ifm. konferanser |
| 13500 | Kjøp av kommunar | kr - | | kr - | |
| 11953 | Kontingentar | kr 4 200 | kr 4 200 | kr 3 500 | Forum for Kontroll og Tilsyn |
| 13301 | Kjøp av sekretariatstenester | kr 168 155 | kr 134 850 | kr 141 300 | Prisjustert ihht. avtale |
| 12700 | Konkurransesutsetting av revisjon | kr - | kr - | kr - | |
| 12700 | Deloitte momspiktig honorar (VAR) | kr 226 195 | kr 485 000 | kr 495 155 | Revisjonshonorar, ny avtale 1.7.2016 |
| 13750 | Ekstra tiltaksmidlar | kr - | kr 40 000 | kr 40 000 | |
| | Delsum | kr 446 313 | kr 699 050 | kr 734 955 | |
| 14290 | Meirverdiavgift | kr 93 030 | kr 172 563 | kr 181 514 | |
| 17290 | Moms-kompensasjon | kr -93 030 | kr - | | |
| 13750 | Deloitte ikkje momspiktig honorar | | | | Samla rev.honorar kr. 495 155,- |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | Total budsjettramme | kr 501 101 | kr 935 064 | kr 979 920 | |

NOTE nr. 3: Garantier gitt av kommunen

| NOTE Garantier gitt av kommunen – nedkvittert per 31.12.16 | | | |
|---|----------------------------|------------------------------|--------------------------|
| Garanti gitt til | Opprinnelig garanti | Garantibeløp pr 31.12 | Garantien utløper |
| | | | |
| KLP forsikring | | | |
| 8317.50.34784 Eikelandsfj. samfunnshus | 475 000 | 150 000 | 15.12.2019 |
| 8317.50.31092 Asvo Fusa A/S | 680 000 | 76 500 | 15.08.2026 |
| 8317.53.03726 BIR | 2 500 000 | 2 302 631 | 02.09.2051 |
| 83.175.462.956 ASVO | 4 000 000 | 3 960 000 | 19.09.2041 |
| | | | |
| Sparebanken Vest | | | |
| 3622.22.42767 Sævareidfjorden Ungdomslag | 500 000 | 500 000 | 31.12.2030 |
| | | | |
| Sum garantier | 8 155 000 | 6 989 131 | |

